

Arkitektkontoret Børteit & Carlsen AS
Pål-Jørn Carlsen
Hagellia 6
5914 ISDALSTØ

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/4332 - 20/69854

Saksbehandlar:
Are Frøysland Grande
are.froysland.grande@alver.kommune.no

Dato:
03.11.2020

Vi treng fleire opplysningar før vi kan handsame søknaden - gbnr 146/6 Fosse ytre

Tiltak: Kaianlegg
Byggjestad: Gbnr: 146/6
Tiltakshavar: Tonny Andre Dale
Ansvarleg søkjar: Arkitektkontoret Børteit & Carlsen AS

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 23.10.2020.


Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. I søknaden er Tonny André Dale ført opp som tiltakshavar. I matrikkelen er det ein anna heimelshavar av eigedommen og det er naudsynt med ein fullmakt frå eigar eller nabovarsel til heimelshavar.
2. I søknaden kjem det fram fylgjande;

«På tilhørende plankart er bl.a. en elv/foss som ligger like sør for garveriet, markert som faresone for skred. Skredfaren knyttes etter vår vurdering til perioder med høy vannstand i elven, og potensiell fare for at steinblokker i nedre del mot sjøen løsner som følger av dette. Søker er av den oppfatning at tiltaket vi nå søker om, ikkje får innvirkning på eksisterende forhold ved elvemunningen/fossen, og at vi derfor heller ikkje planlegger sikringstiltak utover generelt vedlikehold og istandsetting av elveløpet og munningen i den grad det er nødvendig».

Tiltaket er på www.skrednett.no markert som akt somheitsområde for jord- og flaumskred samt at elv som kjem ut syd for bygget er, ned til akt somheitsområde, også markert som akt somheitsområde for flaumfare (sjå figur 1).



Figur 1 Aktsomhetsområde

Før kommunen kan gje rammeløyve til tiltaket må naturfaren for tiltaket vera avklart jf. plan- og bygningslova § 28-1 og TEK17 kapittel 7. Vi minner om at i tilfeller med flaumskred kan krava i både §§ 7-2 og 7-3 i TEK17 gjere seg gjeldande for tiltaket. I høve til stormflo er det § 7-2 i TEK17 som gjere seg gjeldande. Den reelle naturfaren og eventuelle avbøtande tiltak må dokumenterast av fagkyndig.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan **15.2.2021**. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningsane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søker om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forsenkingar i saksgangen.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltingsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Marianne Aadland Sandvik
Avdelingsleiar

Are Frøysland Grande
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Arkitektkontoret Børveit & Carlsen AS Tonny Andre Dale	Hagellia 6 Flatøyvegen 57 B	5914 5918	ISDALSTØ FREKHAUG
---	--------------------------------	--------------	----------------------